



Nynorsk mediesenter

Status 30.04.2006

Stolt nynorsk
Dyktig - Frodig - Framfus



20 nynorskjournalistar frå Nynorsk mediesenter

Når fjerde kullet med nynorskjournalistar dreg frå Førde 28. april, har Nynorsk mediesenter sendt frå seg 20 nynorskbrukande journalistar sidan starten hausten 2004.

Det er 44 søkjarar til femte kullet med nynorskpraktikantar. Dei fem vert tilsette etter intervju og studiotest før 17. mai, og byrjar 1. september. Fjerde kullet er ferdige i Førde og byrjar i to månaders ekstern praksis 2. mai. Tredje kullet er ferdig og i arbeid. Alle som har gått Nynorsk mediesenter arbeider i media, nokon attåt vidare studiar.

Fjerde kullet 3.1.2006 – 1.7.2006



Frå venstre Asgeir Reksnes, Bergit Sønstebø Svendseid, Erlend Blaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.

Asgeir Reksnes (1979) skal ha praksis i NRK Sogn og Fjordane, der han har fått sommarjobb etterpå.

- Tida i Nynorsk mediesenter har vore utruleg innhaldsrik. Kvar dag har eg lært noko nytt. Eg har fått laga mange saker både for radio, internett og fjernyn. Den praktisk retta opplæringa er ein svært god måte å lære seg journalistikk på.

Bergit Sønstebø Svendseid (1984) har fått praksis i NRK Dagsnytt, som har hatt praktikant frå kvart kull med nynorskpraktikantar.

- Etter fire månader i Førde skal me no vere klare for praksis andre stader. Er me det? Eg trur det. På kort tid har me fått mange viktige røynsler og viktig kunnskap om journalistikk, fyrst og fremst ved å få prøve alt sjølv i praksis. No gler eg meg til å få prøve meg i ein riksredaksjon

Erlend Blaalid Oldeide (fødd 1984) skal til NRK Nordland i praksis.

- Eg hadde knapt teke i ein penn før eg kom til Nynorsk mediesenter. No har eg hatt fleire direktesendingar, og laga både radio- og TV-saker som har vorte sende på riksnettet. Det syner kor god opplæring vi får her.

Ingrid Z.Aanestad (1983) skal til Kulturbeite i NRK P2 i praksis.

- Etter resultatata å døma skulle ein kanskje tru det, men å vera praktikant ved Nynorsk mediesenter er ingen mirakelkur. Det handlar om hardt arbeid, dyktige lærarar og ein redaksjon det er lett å trivast og utvikla seg i. Etter snart fire månader i Førde begynner me å bli varme i trøya, men snart blir me kasta ut på endå djupare vatn når me skal i ekstern praksis. Eg gler meg til fortsetjinga.

Øystein Windstad (1983) skal til NRK Møre og Romsdal i praksis. Han har og fått sommarjobb der. - Nynorsk mediesenter har på kort tid budd oss på livet som radio-, fjernsyn- og nettjournalistar, minst like bra som ei journalist-utdanning. Det er hektiske dagar, men givande på ein unik måte. Me er få praktikantar som får personleg oppfølging over lang tid. Det er nesten som å ha ein personleg trenar.

Tredje kullet 1.9.2005 – 3.3.2006.



Frå venstre Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

Denne flokken var ferdige 3.mars, etter to månaders praksis i NRK Kulturnytt, NRK Rogaland, NRK Møre og Romsdal, NRK i Buskerud og NRK Dagsnytt. Det var mykje vellæte om dei frå praksisplassane.

Håvard Hamnaberg (fødd1978) har vore tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, både som programleiar og reporter. Det kunne han ha halde fram med, men med stort studielån etter utdanning som sivilingeniør freista fast arbeid meir. Frå 2. mai byrjar han i fast stilling i selskapet Point Carbon. For å etterleve Kyotoavtalen og få ned utsleppa av CO₂, har EU etablert eit handelssystem for CO₂-kvotar. Point Carbon er eit selskap som driv med analyse, rådgjeving og nyheitstenester for denne marknaden i Europa. Håvard skal sitje på hovudkontoret i VG-bygget og skrive nyheiter for aktørane i denne marknaden, på engelsk !

Karoline Kalstveit (1984) fekk eit vikariat i NRK Rogaland med det same ho var ferdig i praksis. **Gisle Forland** (1981) er tilkallingsvikar/sommarvikar i NRK Møre og Romsdal og **Marita Haugo** (1982) i NRK i Buskerud. **Sølve Rydland** (1984) fekk vikariat i NRK Hordaland, og frå hausten skal han studere i Bergen og vere frilansar for NRK.

Nye lærarar til hausten

Faglærer Randi Indrebø, som har vore med frå andre kullet, skal ha mammapermisjon frå mai 2006. Som vikarar for henne har vi tilsett fotografane Merete Husmo **Høidal** og Sissel **Rikheim**, som *delar stillinga*. Dei byrjar i Nynorsk mediesenter 1.august og skal, saman med Geirmund Henjum, vere lærarar for dei to komande kulla. – Eg er svært glad for å få to så røynde mediefolk som vikarar for Randi, og for at Program Riks i Bergen og NRK Sogn og Fjordane gav dei permisjon så dette vart mogeleg, seier Magni Øvrebotten.



Merete Husmo Høidal er frå Sola i Rogaland. Ho har arbeidd som fotograf, regissør, fleirkameraproducer og redigerar for NRK, TV2, Nordisk Film og Juritzen TV på dokumentarar, aktualitets- og magasinseriar meir eller mindre sidan 1995. Før det tok ho 3-årig utdanning i medieteknikk ved Høgskulen i Stavanger, jamsides frilansjobbing for ein lokal tv-stasjon. Merete byrja som fotograf i NRK Sogn og Fjordane i fjor, og har mellom anna laga nynorsk barnetv.



Sissel Rikheim kjem frå Lærdal i Sogn. Ho har arbeidd i NRK i Bergen sidan 1988. Ho byrja i radio, og vart deretter redigerar, fotograf, produsent, regissør og videojournalist. Sissel har arbeidd med både Vestlandsrevyen, underholdningsprogram - som til dømes Radio Røynda, og dokumentarar for "Brennpunkt" og "Faktor". Ho er utdanna programingeniør, med kurs i redigering og videojournalistikk attåt.

Auka kursverksemd

Frå nyttår til april i år har vi hatt sju eksterne kurs.

Vi har kursa Mattilsynet, fylkeskulturkontoret i Sogn og Fjordane og LO Stat for Hordaland og Sogn og Fjordane i medietrening, vore med på tre beredskapskurs i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og eitt i Politiet, om media si rolle ved kriser og ulukker. Det er dei tre tilsette i Nynorsk mediesenter som har kursa attåt opplæringa av fjerde kullet. I heile 2005 hadde vi totalt åtte kurs.

Nettkringkastaren i NRK har bedt Nynorsk mediesenter om å halde kurs i nynorsk for nettjournalistar i NRK, for å få opp bruken av nynorsk på Internett. Kursa er planlagde til juni, men det er enno uvisst kor mange som melder seg på. Geirmund Henjum vert kurshaldar saman med røynde nynorskbrukande journalistar i NRK, som Sigvart Østrem, Synnøve Hole og Anne Lognvik.

- Vi får generelt gode tilbakemeldingar på kursa våre og dei vi har kursa før tingar nye kurs. Det er alt tinga fleire til hausten, og kursa sel seg gjennom nettsida vår og dei som har gått på dei. Aktive



journalistar kan ikkje drive kursverksemd på grunn av faren for ugildskap, difor nyttar vi tidlegare journalistar i kursverksemda "Munn og mæle". Vi byggjer oss framleis opp stegvis, og ser ein større marknad, særleg i medietrening, seier leiar Magni Øvrebotten. Du finn meir om kursverksemda på

www.nynorskmediesenter.no

Kva gjer dei på ?

Mange lurer på kvar det vert av dei ti journalistspirene som går ut av Nynorsk mediesenter kvart år. Så langt har dei klart seg godt. Tyngda arbeider i NRK, og dei yngste studerer vidare og er tilkallingsvikarar attåt studiane. Dette er statusen for dei to fyrste kulla våre:

Andre kullet 3.1.-1.7.2005



Solveig **Hareide** (1983) tek mellomfag i medieproduksjon ved NTNU i Trondheim, og er frilansar for P3 på Tyholt. Eli **Vaage** (1984) studerer spansk, retorikk og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo, og er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK Østfold. Ingebjørg **Bø** (1977) har mammapermisjon frå februar 2006. Birte Njåsen **Horne** (1984) er frilansar i Bergen og har fått sommarjobb i Reiseradioen. Ho skal mellom anna vere programleiar for Reiseradioen sitt fredagsekstra. Janne-Marit **Myklebust** (1981) studerer engelsk ved Universitetet i Bergen, men har etter jul arbeidd mest heiltid som tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

Fyrste kullet 1.9.2004 – 28.2. 2005



Eli **Bjelland** (1981) arbeider i NRK Hordaland, Knut Åge **Teigen** (1970) i videoselskapet Snøball og forlaget PAN i Oslo. Snøball lagar mellom anna undervisningsfilmar for skuleverket. Svein Ove **Hansli** (1976) i NRK Dagsnytt, Maria **Rivedal** (1981) i NRK P3 på Tyholt og Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) i NRK i Finnmark.

Gjesteførelisarane våren 2006



Frå venstre Odd Isungset, Sigrun Slapgard, Linda Eide, Ingvild Bryn, Kari Sørbø og Ottar Grepstad.

"Grensene i journalistikken" var emnet for førelinga til leiaren i Pressens Faglige Utvalg, Odd *Isungset*, frå TV2. Han var ein av tolv gjesteførelisarar denne våren. Utanriksjournalist i NRK, Sigrun *Slapgard*, snakka om "Draumen om utanriks", Dagsrevyanker Ingvild *Bryn* tok føre seg "Nyhendespråket" og Dagsnyttjournalist Håvard *Grønli*, snakka om riksvinkling av nyhende.

Programleiar Kari *Sørbø* i "Her og No" er rette vedkomande til å snakke om "Den engasjerte programleiaren" og journalist Linda *Eide* om "God radio". Journalist Eva *Westvik* tok føre seg TV-komentaren og logoped Jorid *Løvbakk* gav praktikantane rettleiing om stemmebruk og banksjef Arve *Sandal* i Sparebanken Sogn og Fjordane gav dei innføring i Sogn og Fjordane fylke. Om nynorsken førelas 1.amanuensis Jan Olav *Fretland* ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, nynorsk konsulent i NRK Jon Peder *Vestad* ved Høgskulen i Volda og direktør Ottar *Grepstad* ved Nynorsk kultursentrum.

Nynorsk mediesenter brukar gjesteførelisarar i tillegg til dei faste faglærarane og dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane. - Det gjer vi for å gje nynorskpraktikantane innsyn i andre sider ved nynorsken, journalistikken og samfunnet. Vi tykkjer og at det er kjekt å la dei møte dyktige, nynorskbrukande føredøme, seier Magni Øvrebotten.

Nynorskpraktikantane og faglærarane har vitja mediehusa til NRK, TV2, P4 og Kanal 24 i Oslo, for å få inntrykk av andre medieverksemder enn NRK. Dei har og vore på Aasentunet i Ørsta, NRK Møre og Romsdal i Ålesund, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret i Oslo, der dei såg teaterstykket "Rambuku" av Jon Fosse. Alt dette for at dei skal få med seg at nynorsk er meir enn eit språk, det er ein identitet, ein kultur og ei historie.

Nynorskpris for journalistar



Sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad, NRK-journalist Gry Molvær, Trondheim og forfattar Olaug Nilssen, Bergen, er jury for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Molvær er leiar og Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen.

Føremålet med denne nynorskprisen er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen skal gjevast til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Prisen er ei pengegåve på kr. 50.000,- og eit kunstverk.

Alle kan føreslå kandidatar til prisen, og fristen for å kome med framlegg er 1.mai. Prisutdelinga skjer 22.juni, under Dei Nynorske Festspela i Ørsta. Denne nynorskprisen vart oppretta i samband med opninga av Nynorsk mediesenter.

”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreining av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn. Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie – og samfunnsdebatten.



Biletet er frå opninga av Nynorsk mediesenter 2.sept. 2004.
Frå venstre : Inger Johanne Sæterbakk, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei står dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som opna senteret, og leiaren Magni Øvrebotten.
(Foto: Hans T. Wiig, NRK)

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Informasjon til omverda

Vil du fylgje med på kva Nynorsk mediesenter driv med i det daglege kan du bruke nettsida vår www.nynorskmediesenter.no Sida er jamnleg oppdatert. Der kan du fylgje med i utviklinga til nynorskpraktikantane, om kurstilbodet vårt og anna vi driv på med.



Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "Statusrapportar".

Per 1.juni 2006 skal vi levere NRK-leiinga ei vurdering/oppsummering av drifta av Nynorsk mediesenter frå 1.september 2004 til 1.juni 2006.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren, i Gasta reklamebyrå, som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Løvetanna eller kvite løvetannfrø pregar lausøyre som pennar, krus, t-skjorter og paraplyar.

Den svarte t- skjorta vår har vorte så populær at ho er til sals, elles vert ho delt ut i samband med kurs og anna aktivitet kring Nynorsk mediesenter.

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:
www.nynorskmediesenter.no

